

03 NOVEMBER 2023
ÅRGANG 56

KYRKJEBLAD FOR ARNA OG YTRE ARNA

Kyrkjebladet

Julekonsertar s. 3-4

Generasjonsmiddag s. 5

Familiekor s. 7

Julespel s. 9



DEN NORSKE KYRKJA

Utgjevar: Arna og Ytre Arna kyrkjelydar

Redaktør: Kristin Hjertaker
Redaksjonen: Ingvar Fløysvik, Tor Oddvar Holmefjord, Jorunn Haukås, Kristin Haukaas, Erik Rodal, Møyfrid N. Opheim

Design: Ruth Sofie Steinsland
Trykk: Unigrafisk AS
Opplag: 5700
Foto framside: Odd Mehus
Neste utgåve: 15.mars Materiellfrist: 19.feb

Arna kyrkjekontor
Telefon: 55 36 22 70
arna.menighet@kyrkja.no
Facebook: @arnakyrkje

Arna Kyrkjelydshus, Lakslia 21
kontortid tysdag, torsdag og fredag kl. 10-15

Soknerådsleiar: Torill Vik Johannessen

Sokneprest: Kristin Hjertaker
kh937@kyrkja.no, telefon: 414 79 182

Dagleg leiar: Marianne W. Fanebust

Kapellan: Gina Marie Reisæter-Thu
gr693@kyrkja.no

Kateket: Cathrine Snipsøyr
cs262@kyrkja.no, telefon: 920 71 840

Trusopplærar: Gro Eman, ge427@kyrkja.no

Kantor: Olav Arne Steinkopf, os377@kyrkja.no

Ytre Arna kyrkjelyd
Tlf. 55 36 22 73, ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no
Facebook: @ytrearnakyrkje

Open kyrkje: Onsdag 11.30-13.00

Soknerådsleiar: Jorunn Haukås

Sokneprest: Ingvar Fløysvik
if952@kyrkja.no, telefon: 916 06 626

Dagleg leiar: Benthe Vevle

Trusopplærar: Margreta Myklebust
mm469@kyrkja.no

Organist: Jørn Skauge, js234@kyrkja.no

Tilsette i begge kyrkjelydar:

Kyrkjetenar: Monica Ohr, mo886@kyrkja.no,
telefon: 412 04 198

Ungdomsdiakon 13-20: Maria Aasheim Grosås
mg647@kyrkja.no, telefon: 413 60 923

Styrar Noa og Sakkeus open barnehage:
Møyfrid N. Opheim,
sakkeusopenbhg@outlook.com

BKF/Kirketorget:
Dåp/vigsel/gravferd, Tlf. 55 59 32 10,
kirketorget.bergen@kyrkja.no
Besøksadresse: Marken 34

Vil du gje ei gåve?

Arna Kyrkje
konto: 1506.60.81157, Vipps: 11237
Ytre Arna Kyrkje
konto: 5081.08.12726, Vipps: 12191



Tankar om tru

Lyset i mørketida

Eg ser ut vindauget mitt. Mørkeret varer lenger utpå morgonkvisten. Og mørkeret kjem tidlegare på ettermiddagen. Nokre skraper bilen. Andre set forsiktig ein fot framfor den andre i frykt for at regnet som falle, har blitt til is. Eg ser folk med lue og hette langt over hovudet og nedover ansiktet, pakka inn med skjerf og vottar. Sjølv ser eg rundt i mi eiga stove, mørkeret har trengt inn i vindauga også her. Kulde og mørker ser ut til å fylla kvar stove og kvar heim.

Men så skjer det noko; mørkeret er ikkje like mørkt. Eg ser ut vindauget nok ein gong, og ei stjerne lyser mot meg i naboens vindaug. Og bortanfor der ser eg nokre lyslenker på verandaen. Fleire og fleire hentar fram lys i alle slags fasonger og storleikar. Nokre har dekt hus og leilegheit i eit lys-show utan like, andre har henta fram berre eitt einaste lite stearinlys.

Kvart år skjer det. Når vi nærmar oss det mørkaste av det mørke, finn vi fram lysa våre. Med juletidas kav og uromoment tvingar stearinlysa oss til å roa ned – av omsyn til branntryggleiken. Levande lys tvingar oss til å behalda roa og å vera til stades. Sit vi nær nok, kjenner vi også varmen lyset stråler ut. I eit lite stearinlys vert eg minna om julebodskapen. Det levande lyset kjem til oss i mørkeret. Lyset vinn fram og tvingar mørkeret bort. For mørkeret kan ikkje overvinna det.

Eit lite stearinlys minner meg om at Gud sjølv kom til oss i Jesus. At skaparen av alt blei fødd som eit lite barn og blei ein av oss.

*Det som vart til i han, var liv,
og livet var lyset for menneska.
Lyset skin i mørkeret, og mørkeret
har ikkje overvunne det*

Joh 1,3b-5



Gina Marie Reisæter-Thu | Prest

Julekonsert med prosjektkor og flinke solistar

Tysdag 13. desember kl. 19.00, på luciadagen, er det igjen duka for julekonsert i Arna kyrkje. Då får vi høyra Marianne Juvik Sæbø saman med prosjektkor, Arna og Ytre Arna kyrkjekor, profesjonelle musikarar og lokale talent.

Victoria Hop er eit ungt songtalent som trass sin unge alder allereie har vore solist på store scenar. I tillegg får vi i år høyra artisten Ann-Kristin Bortheim frå Arna, men no busett i Haugesund.

I år som i fjor har vi med oss fiolinvirtuosen Tor Jarand Apold. Vidare medverkar Thomas Lossius på bass og Amund Nordstrøm på trommer. Det vert eit variert



Fotograf Maia Lien

repertoar med nytt og gammalt, tradisjonelt og utradisjonelt hand i hand, knytt til jul og advent. Musikalsk leiar er kantor Olav Arne Steinkopf.

Det er kollekt ved utgangen.

Konsert med Bøen/Fiskaaen duo



Søndag 26. november kl. 19 vert det konsert med Bøen/Fiskaaen duo i Arna kyrkje.

Vi får høyra musikk av den kjende tango-komponisten Astor Piazzolla. Her vert det både feiande rytmar og vakre melodiar. Vi vert òg kjende med Mauro Giuliani sin galante musikk frå 1800-talet. Bøen/Fiskaaen duo er ein dyktig duo som har spelt lenge saman, og dette konsertprogrammet er frå kjernerepertoaret deira.

Bilett ved døra: 200,- (born 50,-)



Ei helg før jul vil tusenvis av 11-åringar i heile Noreg bli inviterte til å oppleve ei adventsnatt i ei kyrkje!

Lys vaken vert arrangert over heile landet.
Foto: Gard Eirik Arneberg, Den norske kyrkja.



Har du lyst til å vera med på LysVaken i Ytre Arna kyrkje?

I Ytre Arna blir det LysVaken laurdag 2. desember til søndag 3. desember, natta til 1. søndag i advent. Programmet tek til laurdag kl. 16.00 og blir avslutta med gudsteneste for små og store søndag føremiddag. Gudstenesta begynner kl. 11.00 og er ferdig om lag kl. 12.15. Det blir felles kveldsmat laurdag kveld og frukost saman søndag morgon.

Påmelding innan måndag 27. november til Margreta på mm469@kyrkja.no eller til Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 55 36 22 73.

Så er det berre å møta opp i kyrkja laurdag 2. desember kl. 16.00 – med sovepose!

Julekonsertar

ARNA KYRKJE:

- **Trengereidkoret**, søndag 10. desember kl. 17.00
- **Prosjektor + Arna og Ytre Arna kyrkjekor** onsdag 13. desember kl. 19.00
- **Haukeland songlag** 17. desember kl. 19.00

YTRE ARNA KYRKJE:

- **Arne Musikforening** onsdag 13. desember kl. 19.00
- **Ytre Arna vokal** søndag 17. desember kl. 20.00
- **Arne Sangforening** tysdag 19. desember kl. 19.30

Bibeltimar i Ytre Arna

I haust har me hatt ei rekkje bibeltimar i eit samarbeid mellom dei to bedehusa i soknet og kyrkje-lyden. No står det att éin av desse: **Onsdag 6. desember kl. 19.00 i Ytre Arna kyrkje: Ingvar Fløysvik. Emne: Kolossar-brevet. Del II.**

Til våren får me ein ny serie med bibeltimar. Bibeltimane er på onsdagar. Kvar gong er det ein dobbel bibeltid – med ein kopp kaffi i pausen.

PROGRAM VÅREN 2024:

17. januar kl. 19.00 i Ytre Arna kyrkje: Ingvar Fløysvik. Emne: Lov og evangelium: Nei til moralisme.

21. februar kl. 19.00 på Haugland bedehus: Talar og emne enno ikkje bestemt.

20. mars kl. 19.00 på Ytre Arna bedehus: Talar og emne enno ikkje bestemt.

24. april kl. 19.00 i Ytre Arna kyrkje: Ingvar Fløysvik. Emne enno ikkje bestemt.



Generasjonsmiddag i Ytre Arna kyrkjelydshus

Siste torsdagen i oktober var over 40 små og store samla til middag i kyrkjelydshuset.

Trusopplærer-vikar i Ytre Arna, Margreta Myklebust, les for borna på generasjonsmiddagen.

Soknerådsleiar Jorunn hadde koka heile dagen: kjøttkaker, poteter, gulrøter, heimelaga kålstuing og ertestuing – god gamaldags søndagsmiddag midt i veka. Ho hadde til og med tid til å baka, til kaffien vart det eplekake med krem. Stemninga var på topp og maten kjempegod!

Etter maten samla Margreta barna til kakao og høgtlesing. Forteljinga om tre-nikkarane som festar gullstjerner eller grå prikkar på kvarandre, formidlar at du er unik og dyrebar for Gud - akkurat slik du er!

Tanken bak desse middagane er å laga sosiale møtestader i nærmiljøet, der ein kan koma med senka skuldrer, eta god mat og

møta andre. Nokre har ein travel kvardag, andre er åleine, og mat treng alle. Med fleksibel serveringstid kan ein koma rett frå jobb og skule/barnehage. Maten er gratis slik at alle skal ha same moglegheit, og det skal vera lett å be med seg andre. Dei som vil støtta tiltaket, kan bruke Ytre Arna kyrkje sin vipps **12191** og velja 'Mat - Noa og soknerådet'.

Neste middag er **29. november**, då blir det risengrynsgraut og adventstema. Dette blir siste middagen før jul. Middagane på nyåret blir: **31. januar, 21. februar, 20. mars, 24. april og 29. mai.**

TEKST OG FOTO:
MØYFRID N. OPHEIM

Førjulstid i open barnehage

Dei opne barnehagane i Indre og Ytre Arna har mykje kjekt på programmet framover mot jul. Det blir blant anna baking, julevandring i kyrkjene og førjulsfest!

Følg oss på Facebook:

Sakkeus åpen barnehage og Noa åpen barnehage.

Her finn du opningstider, program og kontaktinfo.

Velkommen til oss!



Info om tilbud til barn og unge

Er du eller ditt barn ikke medlem i DNK og ønsker info om tilbud til barn og unge? Meld deg på info: <https://www.kirken.no/minside>

Konfirmantpresentasjon

Konfirmantåret i Arna startar rett over nyttår. Første veka i januar er det velkomstsamling, oppstart-samtalar og gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane søndag 7. januar. 76 konfirmantar var påmelde då bladet gjekk i trykken. Ver med å ta imot dei – og ta dei gjerne med i forbøn.

Julefest for alle

Laurdag 6. januar kl. 16 vert det tradisjonell julestrefest i Arna kyrkje-lydshus. God mat og hyggeleg prat rundt borda, musikalsk underhaldning, allsong og julestregang m.m. Arr.: Klubben og Arna sokneråd

Open kyrkje i Arna

Kvar torsdag kl. 11-13 er det open kyrkje i Arna. Då kan du tenna lys i globen, be om du vil, eller berre sitja kort eller lenge og oppleva det vakre kyrkjerommet. Frivillige kyrkjevertar er til stades og nokre gonger prest.

Nytt sokneråd i Ytre Arna

Det nye soknerådet har hatt møte og konstituert seg slik:

Jorunn Haukås (leiar)
Thor Kalland (nestleiar)
Jan Olav Lien Hansen
Marianne Vevle Hjortland
Egil Landøy
Vigdis Eikeland Loftås
Ingvar Fløysvik (prest)
Terje Angeltveit (varamedlem)



- Eg brenn for dei gode møteplassane

Det nye soknerådet i Arna konstituerte seg måndag 30. oktober. Torill Vik Johannessen (t.h.) vart då vald til ny leiar, og Kristin Haukaas vart nestleiar.

Torill er 43 år og har ein periode bak seg i soknerådet. Ho har vore frivillig medarbeidar i Arna kyrkjelyd i fleire år og har særleg engasjert seg i arbeidet for barn og unge. Dei siste åra har ho vore medlem av trusopplæringsutvalet og vore vaksen-leiar i ungdomsklubben. Ho er også med i ei av gruppene som førebur og gjennomfører guds-tenester.

- Eg brenn for dei gode møteplassane som vi har, og at alle skal få kome som dei er, og finne sin plass i Arna kyrkje. Og eg meiner at kyrkja har ei viktig rolle i klima- og naturkrisa vi står oppi, seier Torill.

Til dagleg jobbar ho med kvalitetskontroll av vaksinar til oppdrettsfisk.

Kristin Haukaas var nestleiar i tre år i førre periode og leiar

det siste året. Ho arbeider som barnehagestyrar.

Soknerådet i Arna består elles av følgjande personar:

Ingmar Ljones, Kari Secher, Hans Martin Svarstad, Gunnlaug Almelid Tvilde, Ann Helen Heggstad Folkvord og Marlyn Hop. Soknepresten har fast sete i rådet.

Varamedlemmer er Erik Rodal, Evelyn Anna Larsen Nyttun, Arild Sundland Dale, Møyfrid Naterstad Opheim og Roald Zinke.

Kari Secher vart valt som Arna sin representant i Bergen kirkelige fellesråd, med Hans Martin Svarstad som vara.

TEKST OG FOTO:
KRISTIN HJERTAKER



Her er nokre av dei som plar å koma på Familiekorset. For somme familiar passar det å vera med fast, andre er med av og til. Begge delar er heilt i orden. Foto: Kari Secher.

Velkommen til Familiekorset!

Annankvar tysdag er det skikkeleg liv og røre i Arna kyrkjelydshus. Så snart seniorsenteret er ferdige med oppvasken, rykker nemleg Familiekorset inn. Svoltne barn i fargerike Familiekor-t-skjorter styrer mot kjøkendisken der Kari og Benedikte byr på hotdog, saft og kaffi. Etter påfyll av mat og drikke samlar vi oss i ein stor ring til song, leik og moro.

Utvalet av songar er stort og blir stadig utvida, men namnesongen i starten og avskjedssongen er faste innslag. Av og til les vi bok eller leikar ei forteljing – favoritten er den om Jesus som sova i båten midt i stormen. Det kan bli temmeleg høge bølger sjølv på flatt golv!

Aller siste rest av energi i små kroppar blir brukt til å leike

gøymsele eller tikken med Kristin prest. Samtidig rekk dei vaksne å puste ut, drikke ein kaffiskvett og prate litt før heimturen ventar.

Vi har mange ledige t-skjorter og god plass til fleire i koret vårt! Tysdagar i oddetalsveker kan du komme frå kl. 16.30 og få litt å eta om du vil. Kl. 17 – 17.30 (ca.) er det samling for alle. Stikk gjerne innom, heilt uforpliktande. Det er gratis

å delta, og inga aldersgrense verken opp eller nedover. Barna må kome i følge med ein vaksen. Både foreldre og besteforeldre deltar. Leiarar er Kristin prest, Møyfrid og Benedikte frå Sakkeus open barnehage og frivillig pølsekokk Kari.

TEKST: MØYFRID N. OPHEIM

50 års konfirmantar 2023

Ytre Arna

Bak frå venstre (rekke 4):
Åge Hansen, Frode Endresen,
Kjell Hartvigsen, Bjørn Johnny
Wågenes, Leif Rune Vikne,
Asle Reigstad, Håkon Gravdal

Rekke 3: Leif Arthur Kvam, Lillian Bratli
Mjelde, Vibeke Wichstrøm Hovland,
Magnhild Selvik,
Anne Knutsdatter Wille, Ingunn
Kjersti Brandsdal, Solgunn Birkeland
Djønne, Helge Sjursen

Rekke 2: Atle Frantzen, Ann-Britt
Kristiansen, Merete Skjelbreid Nilsen,
Margunn H Bjørklund, Randi Eikerol

Rekke 1: Hjørdis Monsen, Randi
Kalsås, Ingunn Syska, Hennie
Hjortland Svardal, Else-Marit
Haugland, Sokneprest Ingvar Fløysvik



Foto: Tor Oddvar Holmejord



Foto: Kristin Hjertaker

Arna

Ein stor flokk 50-års-
konfirmantar deltok på
gudstenesta i Arna 8. oktober.
Fleire av jubilantane hadde
oppgåver i gudstenesta.
Takk til alle som bidrog!
Kåre Rune Hauge (i preste-
kjole) heldt preika. Etter
gudstenesta var jubilantane
samla i Kyrkjelydshuset til
mat og mimring.

Det har ikkje lukkast oss
å få plassert alle namna
på dei som er på bildet.
Redaktøren beklagar dette.

Stemningsfullt julespel

*For tredje året på rad vert det arrangert utan-
dørs julespel i Arna. Her kan du bli med på ei reise
gjennom juleforteljinga, møta vismenn, gjetarar,
sauer og soldatar og høyra englekoret syngja.*

Julespelet finn stad utanfor
Arna kyrkjelydshus laurdag
9. desember, og det vert to
framsyningar; kl. 16 og kl. 19.
Etterpå vil kyrkja vera open, og
der kan du lytta til musikk og
tenna lys.

Arrangementet er gratis og er
eit samarbeid mellom kyrkjer
og bedehus i Arna, samt
Skjærgårds Live Arna.

Sjå meir info på Facebook-sida:
Julespel - for alle.



Varm velkomst for Gina Marie

*Gina Marie Reisæter-Thu
(28), vart vigsla til prest av
biskop Ragnhild Jepsen under
ei høgtideleg gudsteneste i
Arna kyrkje 27. august.*

Biskopen heldt tale for den nye
presten, og mange deltok med
tekstlesing og i forbønshandlinga.

Gina Marie sjølv heldt ei flott
preike om den store kjærleiken,
som ofrar seg sjølv: "Ingen har
større kjærleik enn den som gir
livet sitt for venene sine" (Jesu
ord frå Johannes-evangeliet). Så
brukte ho forteljinga om Harry
Potter og venene hans til å prøva

å nærma seg dette som me nesten
ikkje kan finna ord for: kva er
kjærleik? Og kantor Olav Arne
Steinkopf følgde opp med å spela
Harry Potter-temaet nydeleg på
orkelet som avslutning på preika
og overgang til salmen etterpå.

Etter gudstenesta var det kyrkje-
kaffi med kaker og taler i eit
festpynta Kyrkjelydshus.



Mange ville gratulera den nye presten etter gudstenesta. Foto: Odd Mehus.



Biskop Ragnhild Jepsen kunngjer at Gina Marie er rett kalla prest. Foto: Marlyn Hop.

Lokalt kyrkjeblad og lokale støttespelarar

Sokneråda i Arna og Ytre Arna rettar ei stor takk til alle verksemdene som har sagt ja til å finansiera design og trykk av det heilt lokale Kyrkjebladet med tre årlege utgåver.

Vi er på lag - til beste for Arna!

For Arna sokneråd: Kristin Haukaas
For Ytre Arna sokneråd: Jorunn Haukås



K.J. Brusdal AS



PRODUSERT AV FAMILJEN OSBERG



**ØYRANE
TORG**

**Murmester
Sigurd Djonne AS**

www.sigurd-djonne.no.no
Tlf. 55 24 21 16
Følg oss på facebook

*Boliger
i mur*



Ytre Arna Tlf. 55247724 sthauto@online.no

Før mer informasjon og bilder: Hjemmeside: <http://www.stamneshagenauto.no>
Facebook: Stamneshagen Auto AS
Kontaktpersoner eldre biler: Terje Angjelvit eller Gudmund Stamneshagen



Ingeniør & byggmesterfirma

www.abora.no

Tlf. 55 36 77 88



Lakslia 14 (Borgstova), 5261 Indre Arna.
tlf: **55 24 08 08** (24t). arna-gravferdsbyraa.no

AISIKIO
- vi forsyner Norge med mat



**BYGGMESTER
JOSTEIN GARNES AS**



En god kobling



Natur

*Herre, kor mange
dine gjerningar er!
Og alle har du
gjort med visdom,
jorda er full av det
du ber fram.*

Salme 104,24



Foto: Odd Mehus

Flott resultat

Basaren for Arna kyrkjelydshus 23. september samla fullt hus, og gav vel 101.000 kroner på konto! TAKK til alle som kjøpte lodd, og til alle som bidrog med gevinstar, bakst og tilrettelegging.

**Revheim
Gravferdshjelp**

Me hjelper deg med gravferder og bisettelser

Sissel 48 13 78 15 - Karin 99 29 71 12

revheimgravferdshjelp.no revheim@grhjelp.no



Slekters gang



Arna

Døpte:

Emilian Hellebust Wågene	Stian Evensen
Elias Matre	Åge Garnes
Leni Fjeldstad Stokka	Kirsten Kleiveland
Oliver Ringheim Haugen	Terje Olav Solberg
Theo Emilian Hegland Moe	Björg Rolland
Mikine Ahmedi Glatved-Prahl	Inger Duesund
Jens Hegna Olsen	Harriet Benny Sæterdal
Nova Skogedal Gonzalez	Sølvi Karin Hordvik
Alice Øverland	Reidar Blom
Leo Finsås Reigstad	Hans-Tore Mjeldheim
Jonas Gaupås	Halldor Trengereid
Ivar-Andre Sunde-Lyssand	Olga Nelly Zinke
Hailey Riise Hjelle	Marta Helena Borge
Hedda Borge Joensen	Magnus Ingvald Haugland
Ella Marie Blokhuis Schnelle	
Theodor Bysheim	
Reidar Johan Seilen-Hustad	
Maiken Høysæter Vatle	
Torbjørn Mohn Talhaug	
Bailey Gåsdaal Solheim	
Felix Short Mortensen	
Hannah Syslak Heggelund	

Ytre Arna

Døpte:

Olias Waldemar Lundvoll
Noleah Noelle Gjerde Berland

Vigde:

Sindre Lohne &
Kristine Sørebo

Vigde:

Mette Eleah Larsen og Jan
Egil Kronen

Døde:

Gunnvor Aarbø
Harald Flatebø
Reidar Hekland
Ulrik Ulveseter
Brit Solberg

Døde:

Frits Haugland
Fritzie Margrethe Blindheim
Alv Midtun
Johan Middelthun
Gudrun Iversen



Foto: Odd Mehus

Fleire NRK-gudstenester

Mange har sett pris på å sjå gudstenester frå Arna kyrkje på NRK fjernsyn eller høyra dei på radioen. Merk deg gjerne datoane for dei komande NRK-overførte gudstenestene:

- 3. desember:** Høgmesse. YA Vokal deltek.
- 11. februar:** Gudsteneste for små og store.
- 17. mars:** Temagudsteneste.

Gudstenestekalender



Her finn du oversikt over gudstenester i Arna og Ytre Arna kyrkjer – med atterhald om endringar. Det er takkoffer og nattverd nesten kvar gong og dåp i nokre gudstenester. I Ytre Arna er det sundagsskule kvar sundag det er gudsteneste, så sant det let seg gjera. Påmelding til dåp skjer via heimesida til kyrkja, der ligg det oversikt over ledige datoar. Sjå www.kyrkja.no/arna eller www.kyrkja.no/ytrearna. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du ta kontakt med ein av sokneprestane, så finn me ei løysing. Arna: Kristin Hjertaker, Mobil: 414 79 182, Ytre Arna: Ingvar Fløysvik, Mobil: 916 06 626

26.11.

Domssundagen/Kristi kongedag

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for store og små. Reisæter-Thu. Lys Vaken.

03.12.

1. søndag i adventstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker. YA Vokal. Overføring på NRK.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for store og små. Fløysvik. Non Stop Singing. Lys Vaken.

Ytre Arna kyrkje kl. 19:

Lysmesse. Fløysvik.

10.12.

2. søndag i adventstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

17.12.

3. søndag i adventstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

24.12.

Julaftan

Arna kyrkje kl. 14.30:

Gudsteneste. Grutle.

Arna kyrkje kl. 16.00:

Gudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 15:

Julegudsteneste for store og små. Fløysvik. Arne Musikforening.

Ytre Arna kyrkje kl. 16.15:

Julegudsteneste for store og små. Fløysvik. Arne Musikforening. Non Stop Singing.

25.12.

Juledag

Arna kyrkje kl. 12:

Høgtidsudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 12:

Høgtidsgudsteneste. Fløysvik.

01.01.

Nyårsdag

Arna kyrkje kl. 17:

Gudsteneste. Hjertaker.

07.01.

Kristi openberringsdag

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu og Hjertaker. Konfirmant-presentasjon.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

14.01.

2. søndag i openber-ringstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

21.01.

3. søndag i openberringstida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for store og små. Fløysvik. Non Stop Singing. Dåps-hjarte.

28.01.

Såmannssundagen

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik. Felles bibeldag.

04.02.

Kristi forklåringsdag

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik. Bibeldag.

11.02.

Fastelavnssundag

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste for små og store. Hjertaker. Arna Soul Children. Overføring NRK.

18.02.

1. søndag i fastetida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

25.02.

2. søndag i fastetida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

03.03.

3. søndag i fastetida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Hjertaker.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

10.03.

4. søndag i fastetida

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Reisæter-Thu.

17.03.

Maria bodskapsdag

Arna kyrkje kl. 11:

Temagudsteneste. Reisæter-Thu og Hjertaker. Overføring NRK.

Ytre Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste. Fløysvik.

24.03.

Palmesundag

Arna kyrkje kl. 11:

Gudsteneste.

Velkommen til dåp!

Alle er velkomne til dåp i kyrkjene våre. På heimesida finn du meir informasjon om dåpen og skjema for digital påmelding.

www.kyrkja.no/arna

www.kyrkja.no/ytrearna

Vel fana «dåp», «ny registrering» og kryss av for den kyrkja du ønskjer dåp i, så får du opp ledige datoar. Dersom du ikkje finn noko som passar, kan du kontakta kyrkjekontoret eller ein av prestane direkte.

